



Det er alltid fornuftig å samla kreftene i sporten og no i helga har dei idrettslaga som driv med ski i distriktet hatt samling på Fjellhaugen - det er laga i Omvikdalen, Uskedalen og Rosendal . Det er ein samrøystes konklusjon at samlinga har vore særst vellukka. Rekruttane som har delteke er mellom 8 og 15 år, og samlinga har vore prega både av effektiv instruksjon og triveleg samver.

Åtte utøvarar frå Uskedalen har delteke og dei er Ingebjørg Haugland, Kari Bråtun, Ingvill og Synneva Myklebust, Solveig og Veslemøy Haugland, Viljar Simonnes Tveit og Martin Hjelmeland Arnesen.

Leiar av ski- og friidrettsgruppa i vårt idrettslag, Ole Vidar Monsen, har inngått i instruktørstaben, som ellers har bestått av Åsmund Mehl (leiar Rosendal), Anna Kirsten Hellevang (leiar Omvikdalen Skytterlag) og Helge Furdal (skitrenar Rosendal og leiar av samlinga).

- Vi har køyrt to økter laurdag og ein søndag, den siste også med skyting, som vi var så heldig å få Anna Kirsten til å ta seg av, fortel Ole Vidar Monsen til uskedalen.no Han er svært fornøgd med at 4 lokale sponsorar stilte opp: Byggeriet/Uskedal Trelastlager, SPAR Seimsfoss, Felleskjøpet Dimmelsvik og Sport 1 Rosendal.

Programmet har ellers omfatta trening på rulleski på den fine asfalten opp til Fjellhaugen. Det har vore intervall- og kondisjonstrening og også langkjøring - ein roleg og ein lengre tur.
- Men vi må ikkje gløyme den sosiale sida av opphaldet, med spel, song og quiz, seier Monsen.

Over er heile flokken før sundagsøkta medan Anna Kirsten instruerar under.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

